



Syltøy Grendalag

Årsmøte 15.03.2023

Til stede: 19 personar, inkludert styret, revisor og valkomité.

Sak 1: Valg av møteleiar og referent

- Møteleiar: Svein Syltøy
- Referent: Krister Vindenes

Sak 2: Valg av to representantar til underskriving av referatet

- Kåre Lillebø og Jan Helge Syltøy

Sak 3: Årsmelding 2022

- Det var gjennomgang av de viktigaste punkta frå årsmeldinga.
- Det ble diskutert om det var vits å bruke tid på å planlegga høsttur. Man ser for seg å bruke ei anna tilnærming der ein allierer seg med interesserte før man bruker for mykje tid på planlegging.



Sak 4: Regnskap for 2022

- I gjennomgangen av regnskapet ble det diskutert behov for å lage et skjema over deler til stillaset da nokon deler manglar. Det ble også presisert at utleige berre er for medlemmar og *støttemedlemmar.
*Merknad: Støttemedlemmar lagt til, jamfør vedtekter § 2c om Rettar og plikter.
- Det ble diskutert utfordringar med å setta inn kontantar i banken. Det oppfordrast til å ta i mot betaling via Vipps framover for å unngå problemet.
- Foreldregruppa for barneskuleelevar frå Syltøy og Lokøy har pengar til overs da ingen har tatt over stafettpinnen. Pengane donerast til grendalaget, og styret vil ta kontakt med Lokøy Velforening for fordeling.
- Det kom innspel om at grendalaget bør oppfordra enda fleire til å bidra med grasrotmidler.

Sak 5: Budsjett og oppgaver for 2023

- I gjennomgang av budsjettet ble det opplyst om at styret har fordelt oppgåver seg i mellom for å søke om diverse midlar og støtte.
- Punktet om kjøkkenbenk ble diskutert, og det er eit behov for å:
 - Forlenga kjøkkenbenken.
 - Få betre spyleanordning for å spyle tallerkar og liknande før oppvask.
 - Ha stålplate på kjøkkenbenken som tåler vatn frå oppvaskkurvane

Dersom det skal investerast i industrikjøkkenløsningar bør en sjå etter rimelege



alternativ på finn.no.

- Punktet om brannalarmanlegg byttes med «Nye brannslangar». Dette fordi oppkobla brannalarm er dyrt og ikkje gir redusert forsikring. Brannslangane ble ikkje merka som avvik ved kontroll, men er like fullt vanskelege å bruke og bør bytast.
- De nye ytterdørene er ikkje kompatible med kodelås, så kodelås strykast frå budsjett.
- Punktet om «spiker og ekstra kledning» endrast til vedlikehald.
- Behovet for vaskemaskin og tørketrommel er fortsatt gjeldande. Det trengs ei ekstra vaskemaskin slik at man kan vaske kjøkkendukar i ei anna maskin enn gulvmoppar. Vaskerommet egna seg ikkje for tørking og ein tørketrommel vil bøta på dette.
- Arbeidsgruppa som arbeidar for overtaking av bygget og uteplassen oppsummerte sitt arbeid og plan. Det ble også informert om liknande prosesser ved Tellnes og Misje. Det var god støtte til arbeidet. Det kom innspel om å omformulera eine punkt rundt om at uteplassen skulle vera «allmenn tilgjengeleg» då grendalaget må ha ein viss styringsrett ved behov. Ein ser for seg at det vil bli kalla inn til et medlemsmøte før evt. vedtak om overtaking.
- Prisauke for utleige av grendahuset vart også diskutert. Leif Gunnar fekk i oppgåve å siekka prisar hos andre før styret evt. justerer prisane.

Sak 6: Valg

- Valkomitéen si innstilling ble følgt, og også valkomitéen sjølv fortset til neste år. Det betyr at følgande fortset vidare:
- Styremedlemmer: Tor Einar Bendixen, Camilla Ianke, Odd Kåre Syltøy, Bente Storesund, Svein Syltøy
- Vara til styret: Leif Gunnar Vindenes, Leif Storesund
- Revisor: Jostein Jakobsen.
- Valkomité: Jan Helge Syltøy, Eldbjørg Syltøy

